

- RAPPORT_2025

Besøksstrategi Gålå

Levert av Bortelaget m.fl.



Foto: Bård Gundersen

Bortelaget

Innhold

Forord	3	Satsingsområde og strategiar	27
Samandrag	4	1. Økonomisk berekraft	28
Innleiing	7	2. Utvikling av heilårs opplevingar og aktivitetar	28
1.1 Bakgrunn for besøksstrategien	8	3. Samarbeid, infrastruktur og tilrettelegging	28
<i>Definering av geografisk område</i>	8	Arealbruk og fysisk utvikling	29
1.2 Besøksstrategi som rammeverk	9	Overordna grep	32
1.3 Brei verdiskaping som metode	9	<i>Bevaring av seterlandskap, beiteområde/</i>	
1.5 Samfunnstrender som premissgjevar	10	<i>-korridorar og urørt natur</i>	32
Status for Gålå i dag	12	<i>Byggegrense mot nord og aust</i>	32
2.1. Historie og fakta om Gålå	13	<i>Stinett og kanalisering av ferdsel</i>	32
2.2. Arealbruken i dag	13	<i>Fordeling av varme og kalde senger</i>	33
Kartlegging av Gålås verdiar og utfordringar	16	<i>Ferdsel mellom dei to sentra</i>	33
Natur- og miljøverdiar	17	Sentrumsområde 1: Gålå sentrum	34
Utfordringar for natur- og miljøverdiane	17	Sentrum 2: Gålå kulturarena	35
Kulturelle verdiar	18	Tiltak og handlingsplan	36
Utfordringar for kulturelle verdiar	18	Referanser	38
Sosiale verdiar	19	Vedlegg 1 \ Relevante planer og føringar	39
Utfordringar for sosiale verdiar	19	Vedlegg 2 \ Fullstendig nåsituasjonsanalyse	40
Økonomiske verdiar	20	Vedlegg 3 \ Prosess	40
Utfordringar for økonomiske verdiar	20	Vedlegg 4 \ Arealskisser	42
Opplevingskvalitetar	21		
Utfordringar for opplevingskvalitetar	21		
Konklusjon	22		
Visjon og mål for Gålå 2050	23		
Overordna skildring av Gålå 2050	23		
<i>Naturen</i>	24		
<i>Kulturen</i>	24		
<i>Høg verdiskaping – heile året</i>	24		
<i>Infrastruktur</i>	24		
Visjon, formål og verdigrunnlag	25		

Forord

Arbeidet med denne besøksstrategien for Gålå har pågått i nesten eitt år.

Proessen har vore både spennande, lærerik og utrueleg givande. Med brei involvering frå næringsliv, beitenæring, deltidsinnbyggjarar, frivillige og kommunen har vi opplevd eit sterkt engasjement og ein vilje til å forme framtida for Gålå saman.

Gålå skal vera ein god plass å bu, besøke og drive næring, med naturen og kulturen som grunnleggande verdiar. Gjennom verkstader, møter og dialogar har vi saman utforska moglegheiter og utfordringar for å lykkast med det. Styringsgruppa har lagt vekt på balansen mellom å ta vare på og vidareføre det Gålå er – natur, kultur og historie – og å utvikle aktivitetar og kapasitet som sikrar arbeidsplassar og lokal verdiskaping for framtida.

Vi meiner resultatet speglar eit solid felles grunnlag. Strategien peikar ut ei tydeleg retning: Fortetting framfor utstrekkt arealbruk, avklaring av kvar beitekorridorar og grøntområde skal prioriterast, og ei presis avgrensing av sentrumsområda med varme senger og servicefunksjonar. Dette har ført til ei plan med små arealendringar og vektlegging av eksisterande kvalitetar, samtidig som den gjev rom for utvikling på ein god måte. Dei detaljerte grensene blir sett i den kommande kommunedelplanen, men denne strategien gjev eit bilde på korleis det vil bli.

Vi håpar og trur at strategien vil vera eit nyttig verktøy for vidare utvikling – der omsynet til ulike interesser er tekne på alvor, og som legg grunnlag for god forvaltning, berekraftig verdiskaping og gode opplevingar, året rundt.

Vi i Bortelaget er utrueleg glade for å ha fått leie denne prosessen. Vi vil rette ein stor takk til styringsgruppa og Henning Larsen for eit svært godt samarbeid, og til alle som har bidrege med innsikt, idear og tid gjennom heile prosessen. Takk til Krible som pyntar opp det heile og gjer alt så mykje meir lettlese. En stor takk rettast også til Innlandet fylkeskommune, Opplev Gålå, Midt-Gudbrandsdal Interkommunale politiske råd og Sør-Fron kommune for økonomisk støtte som gjorde dette arbeidet mogleg.

Takk for tilliten – det har vore ei glede å få vera med på dette!

Ida Amble Ruge

Prosessleiar, Bortelaget AS

Samandrag

BAKGRUNN

Besøksstrategien for Gålå er utvikla for å sikre ei berekraftig og framtidsretta utvikling av området som bu-, beite- og besøksregion. Strategien skal fungere som eit overordna verktøy for koordinert utvikling og forvaltning av dei verdiane som ligg i natur, kultur, næringsliv og lokalsamfunn. Den er forankra i brei lokal medverknad frå næringsliv, grunneigarar, beitenæring, deltidsinnbyggjarar, frivillige og kommunen.

Strategien legg til grunn viktige samfunnstrendar som påverkar utviklinga av Gålå: Krav til berekraft, digitalisering og endra forbrukaråtfærd, sentralisering og demografiske endringar, samt forventningar om ansvarlege reiseprodukt og opplevingar med sterk lokal forankring. Klimaendringar og snøtryggleik blir også sentrale utviklingsfaktorar for Gålå som fjelldestinasjon. Dette er omtala i kapittel 1 og 2.

STATUS FOR GÅLÅ

I kapittel 3 går vi gjennom ei kartlegging av Gålås verdier innan fem dimensjonar: Natur- og miljøverdier, kulturelle verdier, sosiale verdier, økonomiske verdier og opplevingskvalitetar. Analysen viser at Gålå har store naturverdier, levande kulturhistorie, sterkt lokalsamfunn, betydelege økonomiske ringverknader frå hyttebruk og arrangement, og eit variert opplevingstilbod. Samtidig peikar kartlegginga på sårbarheit knytt til arealpress, fragmentert utvikling, svekt lønnsemd, press på frivillig innsats og behov for betre koordinering.

MÅL OG FRAMTIDSBILDE

Kapittel 4 skildrar målbildet for Gålå fram mot 2050. Gålå skal vidareutviklast som ein heilårsdestinasjon med sterke natur- og kulturkvalitetar. Strategien peikar ut ei framtidsretning der Gålå er ein plass der naturen lev, kulturen formidlar og små eventyr blir store opplevingar. Overordna mål og delmål handlar om å styrke verdiskaping, sikre berekraftig bruk av areal og ressursar, og styrke det lokale engasjementet og samarbeidet.

VISJON:

[Er under utarbeiding og vil bli oppdatert.]

FORMÅL:

Gålå skal vera ein kompakt, verdiskapande og ansvarleg fjelldestinasjon. Folk, natur, levande kultur og samarbeid skapar moglegheiter og opplevingar på Gålå, året rundt.

VERDIGRUNNLAG:

Natur og kultur.

PREMISSGJEVARE:

Fastbuande, deltidsinnbyggjar, beitenæring, grunneigarar og næringsliv.

MÅLGRUPPER:

Den aktive familien, sosiale livsnyttarar og natur- og kulturelskaren.

SATSINGSOMRÅDE OG STRATEGIAR

Strategien presenterer satsingsområde med tilhøyrande strategiar for å møte utfordringar og ta vare på moglegheiter, som vi syner i kapittel 5.

Økonomisk berekraft

Mål: Auka kapasitet og kapasitetsutnytting, og ei stabil finansiering av felles utvikling.

Strategiar:

1.1. Kapasitet: Auke kapasiteten på Gålå med varme senger, i hensiktsmessige format og område.

1.2. Kapasitetsutnytting: Auka kapasitetsutnyttinga av nye og eksisterande senger, gjennom tilrettelegging og krav til utleige.

1.3. Fellesgodefinansiering: Sikre god fellesgodefinansiering. Alle med interesser på Gålå bidreg til utviklinga av infrastruktur og vidareutviklinga av eit lønnsamt og levande reiseliv og lokalsamfunn.

Utvikling av heilårs opplevingar og aktivitetar

Mål: Jevn og inntektsbringande aktivitet året rundt, med natur- og kulturbaserte opplevingar tilpassa lokale rammer.

Strategiar:

2.1. Tilrettelegging for dei berande aktivitetane: Styrke og tilrettelegge for dei eksisterande, berande og inntektsbringande aktivitetane på Gålå.

2.2. Naturbaserte opplevingar: Vidareutvikle infrastruktur som tilrettelegg for naturbaserte opplevingar. Bruke lokal natur som utgangspunkt for fleire inntektsbringande opplevingar.

2.3. Kulturbaserte opplevingar: Vidareutvikle av nasjonale og lokale kulturarrangement og -opplevingar. Bruke lokal seter- og matkultur inn i utviklinga av nye opplevingar, året rundt.

2.4. Lokalmat: Vidareutvikle tilbodet av lokalmat, med mål om mest mogleg lokalprodusert mat på/rundt Gålå.

2.5. Idrettsarrangement: Vidareutvikle Gålå som arena for lokale og nasjonale idrettsarrangement og treningsarena.

Samarbeid, infrastruktur og tilrettelegging

Mål: Langsiktig og ansvarleg planlegging, tilrettelegging og samkøyring av eit berekraftig lokalsamfunn og reisemål.

Strategiar:

3.1. God destinasjonsleiling: Felles organisering av strategisk utvikling, infrastruktur, marknadsføring og booking.

3.2. God planlegging: Fortetting og smart arealbruk for god destinasjonsutvikling. Gode rammer og omsynssonar for beitedyr, med godt beite utanfor, og korridorar gjennom, bebygging. Ansvarleg forvaltning av natur.

3.3. Styring av ferdsel: Utvikle stinettverk og tydeleg skilting, informasjon og reglar. Bruk av teknologi for å redusere belastninga på natur, dyreliv og beitenæring.

3.4. Klimavenleg reiseliv til, frå og i destinasjonen: Betre transportløysingar til destinasjonen, god internttransport og gangveggar som tilrettelegg for eit bilfritt Gålå.


AREALSTRATEGI

Kapittel 6 viser og forklarar det strategiske kartet for framtidig arealbruk. Dette er ei skisse som gjev eit grunnlag for vidare arbeid med kommunedelplan for Gålå .

Dei totale, arealmessige endringane er små. Strategien foreslår å samle utbygging i definerte sentrumsområde, bevare seterlandskap og urørt natur, sikre beitekorridorar, styrke samanhengande ferdselsårer og leggje til rette for ski inn/ut til varme senger. Målet er å skape eit meir heilskapleg og tilgjengeleg Gålå, der vidare utvikling skjer på ein styrt og berekraftig måte.

TILTAKSPLAN

For at strategien skal lykkast er prioriteringa og det vidare arbeidet avgjerande. Kapittel 7 inneheld derfor ein tiltaksplan som konkretiserer kva som skal til for å nå måla. Tiltaka skal fordelast mellom aktørar, vurderast for ressursbruk og planleggast i tid. Sentralt står samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillige, samt investering i infrastruktur og kapasitet. Forpliktande samarbeid, betre samordning og lokal eigarskap er avgjerande for å lukkast med arbeidet framover.



• KAPITTEL 1

Innleiing




Foto: Baird Gundersen

1.1 Bakgrunn for besøksstrategien

Gålå har ei lang og stolt historie som setergrend og reiselivsdestinasjon som strekk seg fleire hundre år attende i tid. Gålå var lenge i front i utviklinga som reiselivsdestinasjon, men sidan storheitstida på 1990-talet har utviklinga av Gålå vore fragmentert, med lite fokus på heilskapleg og langsiktig produkt- og destinasjonsutvikling. Dette har ført til lågare omsetning og tap av posisjon som reiselivsdestinasjon, samstundes som det har skapt mange utfordringar for beitenæringa.

Gålå har gode moglegheiter til å styrke sin posisjon som høg fjellsdestinasjon. For å lykkest med dette, må næringsliv, kommune, grunneigarar og beitenæring og fastbuande og deltidsinnbyggjarar jobbe saman mot eit felles mål for korleis Gålå skal vera, som ivaretek behova til dei ulike interessene.

Sør-Fron kommune og næringslivet på Gålå tok derfor i 2024 initiativ til å utarbeide denne besøksstrategien for Gålå, i samarbeid og dialog med andre interessentar. Målet med prosessen var å samle ulike aktørar rundt same bord for å finne felles løysingar på korleis Gålå kan og bør utviklast dei neste tiåra.

Besøksstrategien skal ivareta dei ulike interessene på Gålå og legge til rette for ei berekraftig og langsiktig verdiskaping som styrker Gålå som destinasjon. Den skal sikre god forvaltning av dei besøkande, dei fastbuande, næringsdrivande og andre aktørar på Gålå.


Prosjektgruppa har bestått av Ole Muriteigen, Grete Hølmen, One Marthe Jostad Vik, Nils Christian Steig og Morten Tofte frå Sør Fron kommune, Anders Rolstad, Sigurd Kjørstad, Audun Skattebo, Pål Egil Rønn og Irene Teige Killi.

Arbeidet har vore leia av Ida Amble Ruge og Marte Kjernsholen i Bortelaget AS, med bistand frå Ragnhild Børke Andresen og Bente Moringen i Henning Larsen Arkitekter. Janne Kolås i Krible har hjelpe med den visuelle utforminga av strategien.

DEFINERING AV GEOGRAFISK OMRÅDE

Denne besøksstrategien gjeld i hovudsak for Gålå. Kartet til høgre skildrar den geografiske grensa som er sett for sjølve utviklinga på Gålå.

Det er viktig å vera bevisst på at fleire tilreisande til Gålå óg vil auke ferdseilen i større område rundt. Det kan påverke både natur- og dyreliv, beitenæringa og andre verdiar i eit større område. Det stillar høgare krav til kanalisering og tiltak og i områda rundt Gålå, ikkje berre i sentrum.



1.2 Besøksstrategi som rammeverk

I dette prosjektet brukast metodikken besøksstrategi som rammeverk for arbeidet. Besøksstrategi er i utgangspunktet eit verktøy for å handtere store folkemassar i verneområde, men er høgst relevant å bruke for andre områder for å handtere auka ferdsel, tilrettelegging, påverknad på natur og ta omsyn til næringsliv og fastbuande i området.

Fordi Gåå óg er eit område for fastbuande, beitenæringa og anna næringsliv, tilpassar vi besøksstrategien slik at den tek omsyn til alle brukargruppene. Den blir difor noko breiare enn ein rein besøksstrategi for å handtere tilreisande i eit verneområde1.

1.3 Brei verdiskaping som metode

For å sikre at alle verdiane blir vurdert i besøksstrategien, vedtok Sør-Fron kommune at den skal ta utgangspunkt i metodikken «brei verdiskaping». Denne metodikken sikrar at ein balanserer omsynet til fem verdier:

Miljømessige verdier: Kjem i hovudsak frå den urørde naturen rundt oss, og den verdien naturen gjev mennesket, planter og dyreliv. Dette dreier seg ofte om aktivitet, rekreasjon og naturopplevingar samt velfungerande økosystem og biomangfald som naturen og miljøet gjev oss.

Kulturelle verdier: Kultur handlar om verdier, evner og kunnskap som mennesket skapar saman i et samfunn. Dette kan dreie seg om tradisjon og identitet, normer og reglar, kunnskap og felles idear og forståing av samfunnet rundt oss. Kultur kan overførast frå generasjon til generasjon, men endrar seg óg over tid.

Sosiale verdier: Sosiale verdier handlar om dei normene og idealene vi lev etter i fellesskap i eit samfunn, og som formar våre handlingar, relasjonar og dynamikken i samfunnet. Prinsipp om rettferdigheit og respekt, samhandling og fellesskapet er eksempel på sosiale verdier.

Økonomiske verdier: Dei økonomiske verdiane som produserast i eit økonomisk system definerer vi som økonomiske verdier. Dette kan vera fysiske produkt som produserast og forbrukast, eller immaterielle verdier og tenester.

Opplevingskvaliteter: Dei opplevingane personar opplev aleine eller saman med andre som gjev dei verdi. Dette kan vera knytt til aktivitetar, mat, natur og kultur, enten organisert eller uorganisert.

Satsingsområde og tiltak i planen skal ikkje gå utover nokon av desse verdiane.

Definisjon på besøksstrategi (Miljødirektoratet, 2020)

«En besøksstrategi er en plan for hvordan forvaltningsmyndigheten vil gjennomføre besøksforvaltning for sitt verneområde. Besøksstrategien skal vise hvilke tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er nødvendige for å balansere naturverdier, den besøkende og næringen i et verneområde, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle fire interesser.»

1.4 Samfunnstrendar som premissgjevar

Globale og nasjonale samfunnstrendar, teknologiutvikling og endra åtferd er eksterne faktorar som kan påverke framtidig utvikling av Gålå på ulikt vis. Dette er viktig å vera klar over dei viktigaste utviklingstrekk og tilpasse strategien for Gålå etter dette.

VIKTIGE UTVIKLINGSTREKK SOM KAN PÅVERKE GÅLÅ ER:

- **Fokus på berekraftig utvikling.** Lovpålagte krav til berekraftig verksemdsstyring og rapportering vil bli stadig viktigare i åra framover. Samstundes jobbar Regjeringa med eit naturregnskap, med mål om å kunne prise arealbruk på ein riktig måte. Parallelt med auka myndigheitskrav vil forventningar og krav frå næringsliv og forbrukarar auke kraftig. Undersøkingar viser aukande skepsis til nedbygging av urørt natur og matjord (Opinion, 2024) (Balslev, 2023). Krava frå myndigheiter vil gjera arealbruk vanskelegare. Auka bevisstheit og forventningar frå forbrukarar vil styrke aktørar og destinasjonar som har teke ansvarlege val. Verksemdar som har kontroll på, og viser veg, på dette vil difor styrke sine konkurransefortrinn.
- **Digitalisering og bruk av sosiale media.** Den teknologiske utviklinga opnar for nye moglegheiter og kan skape nye måtar å både auke synlegheita og drive god destinasjonsutvikling på. Bruken av KI har eksplodert dei siste åra. Samstundes ser vi ei gryande endring i folks bruk av sosiale media. Der det før var viktig å dokumentere og syne alt ein opplevde, er det no fleire som ønskjer å redusere skjermtida og frigjera seg frå telefonen (Nyhaug, 2024).
- **Kvalitet over kvantitet.** Der reiselivsnæringa før var mest opptekne av «mest mogleg og høgast mogleg» vrir fokuset seg gradvis over på «betre» (NHO reiseliv, 2022). Det er betre med skikkeleg kvalitet på det ein opplev, i staden for «så mykje som mogleg så billeg som mogleg». Turistar vil i større grad velje idealistisk, og prioritere aktørar og destinasjonar som påverkar positivt og tilrettelegg for at turistane i større grad kan bidra positivt, både sosialt, økonomisk og klima- og miljømessig.
- **Sentralisering og demografiske endringar.** Noreg, og verda, opplev ei gradvis sentralisering, der stadig fleire bur i byar og tettstader. I distrikta, og særleg i fjellbygder, fører dette til færre fastbuande, aldrande befolkning og mangel på arbeidskraft. For Gålå betyr dette at det blir vanskelegare å oppretthalde grunnleggjande tenester og rekruttere folk til både reiseliv og landbruk. Samstundes vil mange i urbane strøk søke mot ro, natur og tilknyting til noko ekte – noko som gjev Gålå eit potensial som alternativ til det urbane. Det krev likevel bevisst utvikling av tenester, bustader og arbeidsplassar som tiltrekk både deltids- og heilårsbefolkning.
- **Krav til opplevingar og destinasjonar.** Forbrukarar stiller stadig høgare krav til kva ein destinasjon skal levere – både fysisk, digitalt og emosjonelt. Gjestene ønskjer tilrettelagte opplevingar, god infrastruktur, relevant informasjon og saumlause tenester. Samstundes må destinasjonen ha ei klar retning og gi ei oppleving av særpreg. Gjestene kjem ikkje berre for å bu – dei kjem for å bli rørte. For Gålå betyr det at det ikkje er nok med naturskjønt landskap – dei totale opplevingane må haldast i hevd og vidareutviklast, med fokus på både kultur, natur, vertskap og formidling.
- **Ansvarlege reiseprodukt.** Gjestar – både norske og utanlandske – er i aukande grad bevisste på kva slags produkt dei kjøper. Dei ønskjer å vite at aktivitetar og overnattingstilbod har lågt klimaavtrykk, er sosialt berekraftige og respekterer natur og kultur. Dei vil støtte bedrifter som tek ansvar. For Gålå betyr dette at både små og store aktørar må vera bevisste på varer og tenester dei brukar og sel, t.d. gjennom bruk av lokale råvarer, samarbeid med lokale bønder, avfallshandtering, energibruk og respekt for beite og natur.



Foto: Bård Gundersen

- **Oppleve lokalsamfunnet.** Fleire ønskjer å «reise sakte» og kome nærare det ekte og levande. Reiselystne familiar og vaksne søker heller mot levande lokalsamfunn, opne tun, handverk, lokal mat og kvardagsliv. Det gir store moglegheiter for Gålå, der både seterdrift, jakt, landbruk, frivillige og lokale arrangement skaper ein dynamikk som ikkje kan kopierast. Utfordringa blir å opne opp og formidle desse kvalitetane utan at dei blir for kommersialiserte.
- **Fellesgodefinansiering og besøksbidrag.** Når stadig fleire brukar fjellet og tilhøyrande infrastruktur, aukar behovet for finansiering av fellesgode – som løyper og stigar, skilting, toalett, parkering og søppelhandtering. Dette kostar både pengar og arbeidskraft, men gjestene betalar ofte lite direkte. I mange regionar ser ein no på løysingar for besøksbidrag som sikrar at alle brukarar bidreg, slik at ein kan drifte og utvikle destinasjonen på ein skånsam og berekraftig måte. Dette kan vera både interessant og nødvendig for Gålå.

- KAPITTEL 2

Status for Gåla i dag




Foto: Bård Gundersen

2.1. Historie og fakta om Gålå

Gålå er ei setergrend i Sør-Fron kommune som ligg 930 meter over havet, med storslått utsikt til både Jotunheimen, Rondane og Ringebu fjella. Gålå har ei lang historie som både jordbruksområde og reiselivsdestinasjon og var tidleg ute som nasjonal og internasjonal reiselivsdestinasjon. Frå slutten av 1800-talet gjesta Gålå mange tilreisande på sine høgfjellshotell. I 1987 fekk Gålå Noregs fyrste stolheis, og Gålå opplevde si storheitstid på 90-talet. Frå tidleg 2000-talet var det ei stor auke i antal privateigde hytter.

Gålå er i dag kjent som eit rekreasjonsområde med gode moglegheiter for opplevingar, tur- og høgfjellsliv både sommar og vinter. Kulturfestivalen Peer Gynt tiltrekk seg titusenvise gjestar kvart år. Rondaståk inviterer til høgfjellsfestival på Gålå kvar sommar, og gjennom vinteren er det fleire store idrettsarrangement. Frivilligheita på Gålå er stor, og sikrar at det er mogleg å arrangere både skodespel, festivalar og konkurransar.


Næringslivet på Gålå er lite, men samansett av reiseliv, handel, landbruk og eigedomsutvikling. Landbruket er ein berebjelke på Gålå, for både busetting, reiselivet og kulturlandskapet. Reiselivet og fritidsbustadutvikling har spela ei nøkkelrolle for Gålås næringsliv dei siste åra.

Dei siste tiåra har utviklinga på Gålå vore meir fragmentert, med lite fokus på utvikling av produktet og destinasjonen. Dette har resultert i mindre lønnsemd, mindre aktivitetstilbod og færre heilårsarbeidsplassar. Enkeltinitiativ og manglande dialog har tidvis ført til konflikter, mellom anna mellom beitenæringa og reiselivet.


2.2. Arealbruken i dag

Gjeldande kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar i området legg føringane for arealbruken på Gålå. I gjeldande kommuneplanens arealdel for Sør-Fron 2014-2025, er det satt av areal for både eksisterande og planlagt busetnad aust og sør for Gålåvatnet.

Rett aust for Gålåvatnet, ved Toppastranda og Gålålia, samt nord for Gålåvatnet mot Åbortjønna, er dei eldste felte regulert for fritidsbustader, regulert på 1990- og tidleg 2000-tall. Også felt sør for Gålåvatnet, på Saltsletta (Peer Gynt hyttegrend) vart regulert på 1990-tallet. I desse eldre reguleringsplanane er ny planlagt busetnad i hovudsak regulert til frittliggjande fritidsbusetnad.



Figur 21 Utklipp av gjeldande kommuneplan for Sør-Fron 2014-2025, henta frå InnlandsGIS.




Figur 22 Utklipp av gjeldande reguleringsplanar på Gålå. Henta frå InnlandsGIS.

Mellom dei eldre reguleringsplanane er det vedteke nokon nyare planar (i perioden 2015–2021) der ny planlagt fritidsbygging er regulert til både frittliggande fritidsbusetnader og utleigehytter. Dette gjeld i området rundt Gålå høgfjellshotell, samt lengre sør, ved Peer Gynt-hyttene og alpinraseen søraust for Gålåvatnet.

Ei overordna samanlikning av dei gjeldande reguleringsplanane og kartgrunnlag/matrikkel innafor prosjektavgrønsinga på Gålå, viser at det er ei ubyggd tomtereserve i fleire områda, både for fritidsbustader og utleigehytter eller hotell.

Dei fleste eldre reguleringsplanar er ferdig utbygd. Ei og anna enkelt tomt ligg att ubyggd. Det er framleis litt over 200 ubygde, regulerte tomter på Gålå.

Det er og fleire område som er avsett i gjeldande kommuneplanens arealdel, som ikkje er regulerte eller bygd ut. Nokre av dei ubygde områda, særleg i nord, har vore vidareført frå tidlegare planar.



Figur 3: Grøn linje syner bygd gangveg, blå linje syner koplingar i eksisterande hytteveggar og Gamle Gålåveg. Raud linje syner attståande utbygging.

Etter at kommuneplanen sin arealdel blei vedteken i 2016 har det vorte bygd over 150 nye fritidsbustader på Gålå. Ca. 50 av desse er bygd som varme senger (fritids- og turistformål).

Hovudsakleg er det ei utnytting på tomter regulert til fritidsbustader på Gålå som tillèt inntil 250 kvm BRA, inklusive parkering på terreng (30kvm BYA/BRA). Utleiehytter har også stort sett same utnytting.

Gålå har i dag to sentrum. Eitt handelssentrum rundt butikken, og eitt opplevingssentrum rundt Borgen. I dag opplevast desse to som ganske frikopla frå einan, og gjer det vanskelegare å knytte destinasjonen Gålå saman. Det er derfor behov for å knytte desse to sentra meir saman enn i dag, med gode gangveggar og transportløyper.

I 2019 blei det vedteke ei detaljregulering av gangveggar på Gålå, for å knytte saman hyttefelt og betre trafiksikkerheita for gåande. Denne er under utbygging, finansiert gjennom utbyggingsavtalar med hyttebyggjarar i nærleiken av gangvegen. Til no er det bygd ca 2 kilometer gangveg, kombinert med interne hytteveggar. Det står att ca 2,5 km. Av desse manglar 1 km for å knytte gangveg langs Børkdalsvegen saman med Gålåvegen.

• KAPITTEL 3

Kartlegging av Gålås verdier og utfordringar



Foto: Bård Gundersen

Gjennom arbeidsverkstader og møter har vi fått innspel frå næringslivet og landbruket, frivillige, kommunen, deltidsinnbyggjarar og innbyggjarar på og rundt Gålå på status i dag. Basert på desse innspela har vi kartlagt Gålås situasjon, med utgangspunkt i dei fem verdiane i brei verdiskapingsmetoden. Gålås verdiar og utfordringar oppsummerast nedanfor. *For ei grundigare nåsituasjonsanalyse, sjå vedlegg.*

Natur- og miljøverdiar

Gålå har store miljømessige, naturbaserte verdiar som gjev positive ringverknader for både fastbuande, tilreisande, næringsliv og beitenæring. Naturen dannar derfor mykje av fundamentet for Gålå som både bu-, beite- og besøksregion. Dette skapar det særeigne kulturlandskapet.

Turløypenettet er ein viktig inngangsport til fjellet rundt Gålå. Data frå Strava viser at det er absolutt mest aktivitet på stinettet i dei sentrumsnære områda, men at det og er ein del ferdslar i større områder rundt Gålå, både sommar og vinter.

Store deler av områda på Gålå er fortsett urørt, sjølv om det har vore mykje hytteutbygging dei siste tiåra. Det varierte landskapet legg grunnlaget for eit rikt plante- og dyreliv som har ein stor eigenverdi.

Det er ingen verneområde eller nasjonalparkar i nærleiken av Gålå, men det er likevel ein rekke punktobservasjonar og område med store naturverdiar og eit rikt dyre- og planteliv. Urørt natur og dyre- og planteverdiar har ein stor eigenverdi som må vektleggast.

Gålå har relativt snøsikre vintre med gode forhold for langrenn og alpin, og vil truleg ha dette fram i tid. Somrane vil fortsett vera relativt kjølege i Europeisk målestokk. Parallelt med temperaturstigninga i Europa er det truleg at etterspørselen etter snøsikre vintre og svale somrar i Norge vil auke. Dette kan skape moglegheiter for Gålå.

Utfordringar for natur- og miljøverdiane

Utvikling av senger, næringsliv og aktivitetstilbod på Gålå vil krevja meir areal. Dette utfordrar naturverdiane i området. Eit lyft av Gålå som destinasjon vil og føre til auka ferdslar og press på naturverdiane, både på og rundt Gålå.

Klimaendringane kan endre naturverdiane på Gålå. Med varmare klima vil vi truleg oppleve auka attgroing og endring i både dyre- og plantelivet. Store område på og rundt Gålå er utsett for attgroing.

Risikoen for ekstremvær og flom som skadar naturen aukar. Klimaendringar kan og føre med seg nye turistmassar til Noreg og Gålå, i mangel på snø og med for varme somrar i Sør-Europa. Dette kan auke presset på naturverdiane.

■ For vidare utvikling betyr dette at naturen må behandlast som ein felles ressurs som krev styring og omsyn. Gålå har eit fortrinn i mengda urørt natur og landskap prega av beite, men dette er også sårbart. Skal området utviklast vidare utan å miste det som gjer det unikt, må ferdslar styrast betre, sårbare område kartleggast, og bruken kanalisert. Naturkunnskap bør integrerast i opplevingar og kommunikasjon, og ivaretaking av natur må reknast som ein føresetnad for berekraftig verdiskaping.

Kulturelle verdiar

Gålå har ei lang og rik kulturhistorie, som fortsatt står sterkt. Det er nokon kulturelle verdiar som skil seg ut for Gålå:

Beitenæringa og seterkultur. Gålå er opphavleg ei setergrend, noko som pregar kulturlandskapet. Det er viktig å legge til rette for at beitenæringa på Gålå kan fortsette. Store område på og rundt Gålå har godt og svært godt beite for både sau og storfe. Å ivareta seterkulturen og byggeskikken så godt som råd vil bygge identitet og historieforteljing for dei besøkande, og styrke Gålå som destinasjon.

Gålå har vore ein reiselivsdestinasjon i svært lang tid. Dette har skapt ein sterk reiselivskultur på Gålå som pregar lokalsamfunnet, møteplassar og aktivitetstilbodet.

Gålå har eit rikt tilbod av kulturarrangement. For mange utanfrå er Gålå best kjent som staden der Peer Gynt-stemnet er. I tillegg arrangerast fjellfestivalen Rondaståk på Gålå. Fasilitetane og erfaringa frå desse store arrangementa legg til rette for å kunne arrangere fleire og andre typar kulturarrangement.

Idrett, skisport og friluftsliv. Gålå har lange og snørike vintre, og er kjent for mange mil med gode langrennsløyper. Gålå arrangerer Norgescup i langrenn kvart år. Gålå har og eit alpinanlegg, som lenge var i front i utviklinga i Noreg, med eit stort potensial for vidareutvikling. Med sine store naturområde har Gålå eit stort tilbod innan friluftslivet for fjellvandring, sykling, jogging og anna rekreasjon.

Jakt, fiske og fangstkultur. Jakt- og fiskekulturen er lang på Gålå. Spesielt elgjakta har ei lang historie og står sterkt blant dei lokale. Dette kjem til syne med elgfangstgropene som strekk seg frå Gålå mot Valsætrin.

Utfordringar for kulturelle verdiar

Ei stor utbygging og auka vekst av besøkande kan utfordre Gålås kulturhistorie meir enn det som er naturleg. Utan gode planer kan ei stor utbygging og bidra til å svekke Gålås byggeskikk og estetiske verdi over tid. Den store hytteutbygginga i området har skapt ulike utfordringar for beitenæringa på og rundt Gålå dei siste tiåra. Ei vidare utvikling kan forsterke dette.

Det vil vera eit stort tap for Gålå om eitt eller fleire av kultur- og idrettsarrangementa forsvinn. Dei store utandørsarrangementa er sårbare for auka ekstremvær. Pandemiar, finanskriser og andre forutsette hendingar samt dårlegare rammebetingelsar er og moglege truslar for idrett og arrangement.

Den aukande interessa for friluftsliv generelt kan vera med å styrke Gålå. Men det kan òg true Gålå sine natur- og kulturverdiar, på grunn av auka slitasje, liten kjennskap til skånsam ferdsel og bruk av fjellet. Auka ferdsel kan påverke den lokale jakta, fordi dei går inn i jaktområda og forstyrrar elgen og jaktlaga i jaktterrenget utan å vera klar over dette. God informasjon kan dempe denne utfordringa.

■ **For å sikre Gålås sterke kulturelle verdiar vidare, må utviklinga byggje på det som gjer Gålå unikt:** Seterkultur, beitenæring, god byggeskikk og sterke kultur- og idrettsarrangement. Auka ferdsel og utbygging krev god planlegging, styrt bruk av areal og tydelig formidling av lokal kultur og historie. Slik kan Gålå utviklast som ein attraktiv destinasjon utan å svekke det særeigne grunnlaget som gjev området sin identitet og verdi.

Sosiale verdiar

I små fjellbygder som Gålå er lokalsamfunnet og aktiv deltaking særst viktig. Gålå er kjent for eit stort, lokalt engasjement og stor frivilligheit, som mellom anna er avgjerande for at kultur- og idrettsarrangementa i området lykkast. Frivilligheita spel og ei avgjerande rolle for oppvekstmiljøet, idretts- og aktivitetstilbodet for ungar i heile regionen.

Eit stort lokalt engasjement styrker tilhøyret og fellesskapet. Deter smått og trygt å bu og besøke Gålå, med stor friheit for både fastbuande og besøkande. Dette er med å forme Gålå som både bu- og besøksregion.

Det er fleire sosiale og aktive møteplassar på Gålå. Røsslyngstua Kafé, hotella, alpinbakken, butikken og idrettsanlegget er dei viktigaste møteplassane på Gålå i dag. Det er viktig å påpeike at utan utviklinga av Gålå som reiselivsdestinasjon hadde fleire av desse tilboda aldri vorte utvikla.

Ski-SFO og skitreningar er viktige møteplassar for born og unge i heile regionen.

Tilgangen på fjellet og turløypene, badeplassar og andre turmål har og store sosiale verdiar, både som rekreasjon og møteplass.

Utfordringar for sosiale verdiar

Med aukande fråflytting, og dermed færre som har tilhøyring på Gålå, er det ein risiko for at lokalengasjementet og frivilligheita blir mindre. Store skilnader i tal på fastbuande og deltidsinnbyggjarar kan svekke den lokale dugnadsånden. Om fastbuande opplev at det blir mange gratisspassasjerar i den innsatsen dei legg ned, svekker dette ofte motivasjonen over tid.

Om veksten skaper press på kommunale tenester og aukar kommunale avgifter for fastbuande, kan dette og skape skepsis til reiselivet og lokale konflikter.

Om utviklinga av Gålå som reiselivsdestinasjon stagnerer vil og dei sosiale verdiane svekkast. Fordi Gålå er ei så lita fjellbygd, er det avgjerande å tiltrekke seg tilreisande for å kunne drifte kafear, alpinbakkar og andre sosiale og aktive møtestader.

Forskjellige interesser mellom ulike interessentar på Gålå kan og skape uro. Ei stor vekt på Gålå som reisemål kan føre til at dei fastbuande føler seg tilsidesett. Mindre fokus på utvikling og Gålå som reiselivsdestinasjon kan skape misnøye og svekke Gålås attraksjonskraft og økonomiske utvikling.

▣ Vidare utvikling av Gålå må sikre møteplassar og aktivitetar som held oppe det lokale engasjementet, styrkar samspel mellom fastbuande, deltidsinnbyggjarar og tilreisande, og byggj tillit mellom ulike interesser. Tett dialog og felles løysingar er nøkkelen for å skape berekraftig utvikling utan å svekke fellesskapet.

Økonomiske verdier

Gålå har eit lite, men variert, næringsliv med stor økonomisk verdi for heile regionen. Festivalar, reiseliv, handel, utvikling og sal av tomter, fritidsbustadbygging og landbruket er sentrale næringer.

Hytteundersøkinga frå 2022 viser at deltidsinnbyggerane bidreg med betydelege økonomiske ringverknader utover i kommunen og regionen elles (Norsk turistutvikling, 2022). Ringverknader frå deltidsinnbyggerane på Gålå er estimert til nesten 130 millionar kroner i regionen, per år. Hyttene på Gålå bidreg og med vesentlege skatteinntekter, noko som er verdifulle frie inntekter for kommunen.

Det ligg eit stort potensial i auka bruk av hytter og fleire varme senger på Gålå. Hytteundersøkinga viser at hyttene i snitt brukast 17 prosent av året. Mangel på varme senger er eitt av elementa som blir trekt fram av både Peer Gynt og Gålå Idrettsanlegg som den største trusselen mot å vidareføre og utvikle arrangementa. Det er difor viktig å sikre ein god nok kapasitet for høgsesong, samtidig som dei utnyttast godt gjennom resten av året.

Finansiering av fellesgode er særskild viktig for Gålå. Langrennsløyper, skilting, parkering, toalett og anna infrastruktur er klassiske eksemplar på fellesgode som ofte slit med finansiering. Det er heilt avgjerande for Gålå at dette lykkast framover, og det er difor viktig å sjå på forpliktande og gode finansieringsløyser som sikrar gode og forutsigbare rammevilkår.

Utfordringar for økonomiske verdier

Gålå har eit variert næringsliv med stort potensial, men står overfor fleire økonomiske barrierar. Få fastbuande og ein global sentraliseringstrend svekkjer grunnlaget for lokal verdiskaping og rekruttering. Destinasjonen ligg relativt langt frå større byar, noko som kan gjere det krevjande å tiltrekke både buande og gjestar.

Låg lønnsemd og fragmentert utvikling har ført til få heilårsarbeidsplassar, svak koordinering og manglande økonomisk berekraft. Små aktørar har avgrensa ressursar, og det manglar kapital til større satsingar. I tillegg vil internasjonale svingingar som svak kronekurs, høge renter og geopolitisk uro kunne slå negativt ut for reiselivet, som er eit sårbart luksusgode.

Ei sentral utfordring er manglande finansiering av fellesgode – som løyper, infrastruktur og service – som er avgjerande for å sikre vidare utvikling og gode opplevingar. Samtidig er mangel på kvalifisert arbeidskraft ein aukande risiko, forsterka av sesongarbeid og låg lønn i reiselivet.

For å lukkast, må Gålå styrke samarbeid, sikre fellesgodefinansiering og utvikle fleire heilårstilbod med betalingsvillige gjestar. Dette vil styrke både lønnsemd, arbeidsplassar og den langsiktige økonomiske berekrafta i destinasjonen.

■ Vidare utvikling av Gålå krev målretta innsats for betre utnytting av kapasiteten, styrke verdiskapande heilårsaktivitetar og bygge opp lønnsemd i næringa. Fellesgodefinansiering, samarbeid mellom aktørane og satsing på betalingsvillige målgrupper vil vere avgjerande for å sikre berekraftig økonomisk vekst, fleire heilårsarbeidsplassar og styrkt lokalt næringsliv.

Fellesgodefinansiering

Eit fellesgode er eit gode som fleire kan nytte seg av på samme tid, der det ikkje er mogleg å stoppe nokon frå å bruke dei. Fordi alle kan bruke godet, blir det ofte vanskeleg å finansiere vedlikehald og utvikling av desse godane.

Fellesgodefinansiering dreier seg ikkje berre om kven som skal finansiere langrennsløyper og fellestenester, men og korleis reisemålsleiinga skal sørge for at næringsliv, fastbuande og andre interessentar ikkje opplev påkjenningar på grunn av reiselivet.

Med aukande utfordringar knytta til større turiststrømmer

i deler av Norge har fellesgodefinansiering blitt eit sentralt tema i den nasjonale reiselivspolitikken. Dette blir nøye omtala i både NOUen «Leve og Opplev» og «Regjeringens veikart for reiselivet». Det blir jobba med løysingar for å skattlegge turistar som skal finansiere fellesgodeproblematikken.

Opplevingskvalitetar

Gålå har ei rekke forskjellige opplevingskvalitetar som gjer det til ein god plass å både bu og besøke.

Naturbaserte opplevingar som friluftsliv, jakt og fiske, dyreliv med meir er særskilte viktige for Gålå si attraktivitet. Mengda urørt natur har ein stor verdi. Frå Gålå ser ein inn i både Jotunheimen og Rondane nasjonalpark, og ein kan oppleve høgjellet på ein enkel måte. Skitilbodet på vinterstid er spesielt viktig for både fastbuande, deltidsinnbyggjarar og tilreisande. Alpinbakken er sentral for småbarnsfamiliar og andre som nyttar denne og gjev variasjon i vinteraktivitetane. På sommertid er klatreparken, bademoglegheiter, fiske, gå- og sykkelstiar viktige tilbod for alle brukarar.

Kulturbaserte opplevingar er og viktig for Gålå. Teater, festivalar og konsertar bidreg til både økonomiske verdiar og kulturelle opplevingar. Seterkultur og kulturhistorie er ein viktig del av Gålås historie og identitet, som legg grunnlaget for mange opplevingar. Det å oppleve beitedyr gå fritt gjev verdi, noko hytteundersøkinga og viser (Norsk turistutvikling, 2022). Lokalmaten, byggeskikk og anna kulturhistorie skapar og store opplevingsverdiar.

Fjell, plante- og dyreliv. Gålå har eit rikt plante- og dyreliv som gjev opplevingsverdi. Jakt og fiske skapar opplevingar for både fastbuande og deltidsinnbyggjarar. Sjeldne fugleartar gjev store opplevingar for fugleinteresserte. Dyrelivet generelt har ein stor verdi for besøkande som ikkje har tilgang på det ellers.

Utfordringar for opplevingskvalitetar

Lite tilbod og manglande økonomi kan svekke attraktiviteten. Lønnsemda til alpinbakken er svak, og kan stå i fare for å leggast ned om det ikkje kjem nok folk. På tilreisande i dag gjer det vanskeleg å utvikle store attraksjonar. Samtidig kan det vera vanskeleg å trekke til seg mange nye gjestar utan eit større opplevingstilbod.

Auka trafikk kan gje meir slitasje på naturen og infrastrukturen, om det ikkje er tilrettelagt for den auka ferdselen. Dette svekker opplevinga for både fastbuande, deltidsinnbyggjarar og tilreisande. Viss Gålå byggast ut i for stor skala kan dette fortrenge noko av særpreget til destinasjonen i dag, som og vil påverke opplevinga.

Klimaendringane kan òg svekke opplevingskvalitetane. Med meir uver, ekstremnedbør og varmare vintre kan vi risikere at færre turistar kjem reisande til Gålå. Varmare og våtare ver førar til meir attgroing, som svekker dei naturbaserte kvalitetane.

Ei svekka landbruksnæring kan i verste fall føre til at det ikkje er meire beitedyr på Gålå. Det vil sette enda større fart på attgroinga og svekke identiteten til Gålå og kulturopplevinga for tilreisande.

✶ For å styrke opplevingskvalitetane på Gålå må ein vidareutvikle autentiske natur- og kulturbaserte aktivitetar året rundt, samtidig som ferdsel blir styrt for å ta vare på natur og særpreg. Balansert utvikling vil auke attraktiviteten utan å gå på bekostning av det som gjer Gålå unikt.

Berande aktivitetar

Gålå har nokon berande aktivitetar som er, og har vore, spesielt viktige for destinasjonen.

Alpinttilbodet har spelt ei nøkkelrolle for utviklinga av Gålå som reiselivsdestinasjon. Dette har vore mindre dei siste åra, men det jobbast med å lyfte og vidareutvikle dette framover.

Langrenn og løypenettet er avgjerande for fastbuande, hytteeigarar og tilreisande, til både rekreasjon og arrangement.

Turløypenettet er viktig for sommertilbodet. Arrangement, knytta til både kultur og idrett, har lenge vore ein av berebjelkene for aktiviteten på Gålå.

Ellers er klatreparken, sykkeløyper og Gålåvatnet

viktige tilbod for aktiviteten i sommersesongen.

Mange av dei berande aktivitetene, som turløyper, langrenn og Gålåvatnet, skapar små økonomiske ringvirkningar. For å lyfte verdiskapinga på Gålå er det viktig å utvikle eit aktivitetstilbod som skapar arbeidsplassar og lønnsomheit i seg sjølv, ikkje berre gjennom overnattinga.

Konklusjon

Oppsummert har Gålå store verdiar av alle dei fem typar verdiskaping. Samtidig har Gålå vesentlege utfordringar som må handterast på ein god måte:

- Det er viktig med ei god planlegging av både areal og handtering av auka ferdsel, som gjev rom til både fastbuande, tilreisande, beitenæring og anna næringsliv. Eit kompakt sentrumsområde gjer det enklare å utvikle ein levande destinasjon, samtidig som ein tek vare på naturen og kvalitetane rundt.
- Tilrettelegging som tek omsyn til naturverdiar og ringverknader av auka aktivitet, gjev gode forutsetningar og tydelege rammer for både næringsutvikling og beitenæring, og kan handtere auka folkemengder og endra klima.
- Det ligg eit stort økonomisk potensiale i betre kapasitetsutnytting av både varme og kalde senger på Gålå.
- Ei vidareutvikling av Gålå avheng av auka kapasitet, spesielt knytt til overnatting. Dette både for å auke mengda besøkande, og for finansieringa av vidareutvikling. Geografisk plassering av varme senger vil vera viktig for å sikre attraktiviteten.
- Det må leggjast til rette for betre lønnsemd gjennom heilårsdrift, utvikling av opplevingar, riktig prising og smart marknadsføring.
- Ein god kommunikasjon og informasjon om ferdsel, beitedyr og aktivitetar er viktig for å lykkast med kanalisering og ein god oppleving for alle.
- Ei velfungerande fellesgodefinansiering er avgjerande for å lykkast med vidareutviklinga av Gålå.
- Kommunen og næringslivet må legge til rette for og utvikle aktivitetar som skapar verdi utan å overbelaste infrastrukturen eller skade naturen. Satsing på utvalde sesongar. Fortetting og auka bruk av varme senger er eksempel på tiltak som kan sikre ei skånsam vidareutvikling av Gålå.
- Lokalsamfunnet må høyrast og involverast i utviklingsprosessane.
- Samarbeidet mellom offentlege og private aktørar må vera tett, med heilskapleg planlegging, god kommunikasjon og langsiktige, forutsigbare rammer for alle involverte.

• KAPITTEL 4


Visjon og mål for Gålå 2050

Gjennom arbeid med styringsgruppa, arbeidsverkstad med interessentar og innspelsmøte med ungdomsrådet, har vi jobba ut ein visjon og framtidsbilde for Gålå fram mot 2050.

Overordna skildring av Gålå 2050

I 2050 er Gålå ein levande og kompakt fjelldestinasjon, kjent for si satsing på natur, levande kultur og kulturhistorie, lokalmat og heilårsaktivitetar. Det er tett samarbeid på tvers av næringane. Gålå har ei sterk og strategisk destinasjonsleiing med fokus på heile det sosiale og økonomiske økosystemet på Gålå. Gjennom god planlegging og tett samarbeid har utviklinga av Gålå som reiselivsdestinasjon skapt positive verknader for fastbuande, næringslivet og beitenæringa.

I skildringa av Gålå har vi delt inn i fire berande element: Naturen, kulturen, heilårs verdiskaping og infrastruktur.



NATUREN

Gålå har lykkast med å halde på sitt særpreg som ein roleg og naturnær destinasjon. Snille fjell, vidstrakt kulturlandskap og store beiteområde gjer at naturen er lett tilgjengeleg for alle.

Smart arealbruk og vern av natur: Utviklinga har skjedd gjennom fortetting og revitalisering av eksisterande bygg, heller enn nybygging i urørt terreng. Nasjonale og internasjonale besøkande verdset dette som ein sjeldan kvalitet.

Berekraftig ferdsel: Eit nettverk av stigar, skiløyper og naturbaserte attraksjonar styrer ferdselen. Det beskyttar sårbare naturområde, skånar beitedyr og -næring, samtidig som det gir enkle og gode naturopplevingar for besøkande.

Aktiv beitenæring og seterkultur: God arealplanlegging sikrar at dyra går fritt i romslege beitekorridorar og blir lite forstyrre av ferdselen.

KULTUREN

I 2050 er Gålå ein stad der historia og kulturen lev sterkt. Det blir formidla gjennom arrangement, arkitektur, mat, opplevingar og næringar.

Nasjonal kulturarena: Peer Gynt-stemnet har utvikla seg til ein internasjonal kulturfestival. Gålå har blitt eit knutepunkt for store opplevingar innan musikk, teater og kunst.

Levande beite- og seterkultur: Fleire av setrane på Gålå er i aktiv drift, med både beitenæring og formidling av gamal fjellkultur til besøkande. Gjestane kan delta i tradisjonell ysting, bakst og andre kulturhistoriske opplevingar.

Autentisk arkitektur og identitet: Byggeskikken følgjer strenge estetiske retningslinjer, som sikrar at alle nye bygg passar inn i kulturlandskapet.

Gode og sosiale møteplassar knyt saman fastbuande, deltidsinnbyggjarar og tilreisande.

HØG VERDISKAPING – HEILE ÅRET

Gålå har utvikla seg til å bli ein heilårsdestinasjon med verdiskaping året rundt, med velfungerande fellesgodefinansiering.

Opplevingstilbodet: Er tilpassa målgruppene, med aktivitetar heile året. Ski- og turtilbod i tillegg til inntektsbringande opplevingar og aktivitetar som spelar på lokal natur og kultur bidreg til høg attraktivitet og verdiskaping.

Eit breidt tilbod av guida og skreddersydde opplevingar basert på lokal natur og kultur er med å styrke identiteten og heve kvaliteten.

Høg utnytting av både varme og kalde senger sikrar høg kapasitetsutnytting gjennom store delar av året.

Service, guiding, matproduksjon og aktivitetar sikrar fleire lokale arbeidsplassar og liv i destinasjonen.

Fellessgodefinansieringa fungerer godt, og sikrar at alle med interessar på Gålå bidreg til drift og utvikling av løyper, oversikt over beitedyr, infrastruktur og andre fellesgoder. Dei besøkande bidreg og på ein rettferdig måte, slik at destinasjonen har betre moglegheit til å utvikle tenester og tilbod som styrker Gålå for både besøkande og fastbuande.

INFRASTRUKTUR

Gålå har lykkast med å utvikle god infrastruktur til, frå og i destinasjonen.

Interne transportløysingar: Gjestane brukar el-syklar og felles transport for å bevege seg i destinasjonen, noko som minimerer biltrafikken.

Gåvenleg destinasjon: Trygge gangveggar, gode stigar og gjennomtenkt plassering av fasilitetar gjer det enkelt for alle å nyte Gålå utan stress.

Effektive transportløysingar: Shuttlebussar og eit godt kollektivtilbod gjer at fleire reiser kollektivt til Gålå.

Visjon, formål og verdigrunnlag

VISJON:

[Er under utarbeiding og vil bli oppdatert.]

FORMÅL:

Gålå skal vera ein kompakt, verdiskapande og ansvarleg fjelldestinasjon. Folk, natur, levande kultur og samarbeid skapar moglegheiter og opplevingar på Gålå, året rundt.

VERDIGRUNNLAG:

Natur og kultur.

Naturen og kulturen skal prege Gålå som destinasjon, og takast omsyn til i all utvikling.

PREMISSGJEVARE:

Fastbuande, deltidssinnbyggjar, beitenæring, grunneigarar og næringsliv.

MÅLGRUPPER

Målgruppene er delt inn i tre: Den aktive familien, sosiale livsnytarar og natur- og kulturelskaren.

Tabellane på neste side oppsummerar det viktigaste for desse målgruppene.

Premissgjevarar og målgrupper

Gålå har mange interessentar som bør tas omsyn til i utviklinga. I arbeidet har vi skilt mellom interne, faste interessentar som må involverast i arbeidet (premissgjevare), og tilreisande, ønska målgrupper. Målgruppene seier noko om korleis Gålå bør spissast som reiselivsdestinasjon. Fleire av desse karakteristikkane vil og vera relevante for andre interessentar, som deltidssinnbyggjarar og fastbuande.

DEN AKTIVE FAMILIEN**Kven er dei?**

Familie med barn, ofte frå bynære område. Ønskjer ein trygg, oversiktleg og naturnær feriestad der dei kan vere aktive og få kvalitetstid saman.

Kva vil dei ha?

- Aktivitetar for barn: klatring, ski, enkle og trygge naturopplevingar
- Gode overnattingstilbod for familiar – gjerne hytter/leilegheiter
- Tilrettelagt friluftsliv og naturbasert leik
- Kortreiste opplevingar og låg logistikk

Eksemplar på tilpassing til denne målgruppa:

- Naturbaserte aktivitetsløyper og oppgåver for barn
- Gardsbesøk, dyreopplevingar og familieevenlege turmål som gapahukar, fiskeplassar e.a.
- Familiepakker for sommar og vinter med aktivitetar og overnatting
- Informasjon og booking samla på éi brukarvennleg nettside
- Barnevennleg mattilbod, enkel servering og leikeområde i nærleiken

SOSIALE LIVSNYTARAR**Kven er dei?**

Vaksne par og vennepar med middels til høg inntekt, som søker kvalitetstid, gode måltid, komfort og fellesskap.

Kva vil dei ha?

- Særprega, gjerne luksuriøse, men avslappa opplevingar.
- Fellesskap rundt bålet, vin- og matopplevingar, spa/yoga.
- Små arrangement eller aktivitetar med sosial karakter.
- Tilrettelegging for eigen hytte, men tilgang på tenester og servering.

Eksemplar på tilpassing til denne målgruppa:

- Pakker med matopplevingar, bålkveldar og lokal drikke
- Guiding og opplegg for små grupper – t.d. vinterpiknik eller guideopplevingar med historieforteljing og vertskap.
- Skreddarsydde pakkar via nettside eller app
- Komfortable hytter og hotell med god standard
- Fokus på ro, design, atmosfære og lokal vertskapstradisjon

Målgrupper er sær viktig for vidareutviklinga av reiselivet på Gålå. Destinasjonar som lykkast er ofte kjenneteikna ved at dei tør å spisse seg mot dei utvalgte målgruppene, og skille seg frå andre, liknande destinasjonar.

I det vidare arbeidet bør ein derfor jobbe meir med målgruppene og knytte dette til produktutvikling, merkevarebygging og kommunikasjon.

NATUR- OG KULTURELSKAREN**Kven er dei?**

Godt vaksne par (45+), ofte frå byar, med interesse for natur, lokal kultur, historie og ro. Dei ønskjer autentiske opplevingar og å lære noko på reisa si.

Kva vil dei ha?

- Uberørt natur og rolege fjellområde

- Lokal mat, historie og kulturformidling
- Guiding, formidling og autentiske opplevingar
- Overnatting med særpreg (seter, glamping, småskalatilbod)

Eksemplar på tilpassing til denne målgruppa:

- Naturbaserte aktivitetsløyper og oppgåver for barn

- Gardsbesøk, dyreopplevingar og familieevenlege turmål som gapahukar, fiskeplassar e.a.

- Familiepakker for sommar og vinter med aktivitetar og overnatting
- Informasjon og booking samla på éi brukarvennleg nettside
- Barnevennleg mattilbod, enkel servering og leikeområde i nærleiken

• KAPITTEL 5

Satsingsområde og strategiar



Foto: Fagerhøi Leirskole

Med utgangspunkt i status for Gålå i dag og innspel frå arbeidsverkstadane har styringsgruppa prioritert tre satsingsområde med tilhøyrande strategiar. Desse satsingsområda skal bidra til å nå målbildet for Gålå 2050.

1. ØKONOMISK BEREKRAFT

- **Kvifor:** Ei økonomisk berekraftig og ansvarleg utvikling er avgjerande for å lykkast på Gålå i eit langsiktig perspektiv.
- **Mål:** Auka kapasitet og kapasitetsutnytting, og ei stabil finansiering av felles utvikling.

Strategiar:

1.1 Kapasitet: Auke kapasiteten på Gålå med varme senger, i hensiktsmessige format og område.

1.2 Kapasitetsutnytting: Auka kapasitetsutnyttinga av nye og eksisterande senger, gjennom tilrettelegging og krav til utleige.

1.3 Fellesgode-finansiering: Sikre god fellesgode-finansiering. Alle med interesser på Gålå bidreg til utviklinga av infrastruktur og vidareutviklinga av eit lønnsamt og levande reiseliv og lokalsamfunn. I tillegg til klassiske reiselivsprodukt bør fellesgodefinansieringa bidra til godt samarbeid mellom reiselivet og tilgrensande næringar, t.d. landbruket og beitenæringa.

2. UTVIKLING AV HEILÅRS OPPLEVINGAR OG AKTIVITETAR

- **Kvifor:** Fleire attraktive og inntektsbringande opplevingar året rundt er viktig for å styrke attraktiviteten og den lokale verdiskapinga.
- **Mål:** Jevn og inntektsbringande aktivitet året rundt, med natur- og kulturbaserte opplevingar tilpassa lokale rammer.

Strategiar:

2.1 Tilrettelegging for dei berande aktivitetane: Styrke og tilrettelegge for dei eksisterande, berande og inntektsbringande aktivitetane på Gålå.

2.2 Naturbaserte opplevingar: Vidareutvikle infrastruktur som tilrettelegg for naturbaserte opplevingar. Bruke lokal natur som utgangspunkt for fleire inntektsbringande opplevingar.

2.3 Kulturbaserte opplevingar: Vidareutvikling av nasjonale og lokale kulturarrangement og -opplevingar. Bruke lokal seter- og matkultur inn i utviklinga av nye opplevingar, året rundt.

2.4 Lokalmat: Vidareutvikle tilbodet av lokalmat, med mål om mest mogleg lokalprodusert mat på/rundt Gålå.

2.5 Idrettsarrangement: Vidareutvikle Gålå som arena for lokale og nasjonale idrettsarrangement og treningsarena.

3. SAMARBEID, INFRASTRUKTUR OG TILRETTELEGGING

- **Kvifor:** Godt samarbeid på systemnivå er avgjerande for å lykkast med ei langsiktig og heilskapleg utvikling som gagnar alle interessentar.
- **Mål:** Langsiktig og ansvarleg planlegging, tilrettelegging og samkøyring av eit berekraftig lokalsamfunn og reisemål.

Strategiar:

3.1 God destinasjons-leiing: Felles organisering av strategisk utvikling, infrastruktur, marknadsføring og booking.

3.2 God planlegging: Fortetting og smart arealbruk for god destinasjonsutvikling. Gode rammer og omsynssonar for beitedyr, med godt beite utanfor, og korridorar gjennom, bebygging. Ansvarleg forvaltning av natur.

3.3 Styring av ferdsel: Utvikle stinettverk og tydeleg skilting, informasjon og reglar. Bruk av teknologi for å redusere belastninga på natur, dyreliv og beitenæring.

3.4 Klimavenleg reiseliv til, frå og i destinasjonen: Betre transportløyseringar til destinasjonen, god intertransport og gangvegar som tilrettelegg for eit bilfritt Gålå.

- KAPITTEL 6

Arealbruk og fysisk utvikling



Foto: Bård Gundersen

Framtidig arealbruk på Gålå må romme ulike bruk og mange omsyn. For å vidareutvikle destinasjonen er det naudsynt med areal til fleire senger, næring og aktivitet. Samtidig skal beitenæringa skjermast for negative konsekvensar av auka ferdsel, og naturen skal vera nær og levande. Det krev ei kompakt utvikling av sentrumsområda på Gålå, og at bruken i sentrumsområda tilrettelegg for ein god balanse mellom aktivitet, seter- og beiteområde, varme og kalde senger.

Kartet nedanfor gjev eit oversiktsbilde over framtidig arealbruk i og rundt Gålå. Det viser at det er små endringar i sjølve arealbruken, med fokus på fortetting, tydeleggjering av kvar ein ønskjer ulike bruk, vidareføring av grøntområde og beitekorridorar. Kartet viser skilet mellom sentrumsområda med varme senger og servicefunksjonar (lilla), nye og eksisterande hytteområde (oransje) og område sett av til idrettsaktivitetar, seterlandskap og beiteområde (grøn).

Dette strategiske kartet er utarbeidd basert på innspel frå arbeidsverkstader og arbeid i styringsgruppa. Innspel frå verkstaden gjaldt i stor grad tilrettelegging for fleire varme senger og vidareutvikling av eksisterande hyttefelt og sentrumsområde på Gålå, samt bevaring av seterlandskap, beiteområde og urørte område.

Det er viktig å presisere at desse karta gjev eit overordna bilde på arealbruken. Eksakte grenser vil settast i arbeidet med kommunedelplanen, der ein må sikre at grensene fungerer til det formålet som er tenkt.

Utviklinga på Gålå vil også påverke tilgrensande område som Gålåmarka, Børkdalen og Espedalen, særleg for beitedyr som nyttar gamle trekkveggar. Auka ferdsel kan skape press på natur og beite. For å minimere dette bør ferdsel kanaliseras til tilrettelagde stiar, beitekorridorar bevarast og informasjon til gjestar styrkast. Regionalt samarbeid og god planlegging er avgjerande for å sikre balansen mellom bruk og vern.


Fordelar ved kompakt sentrumsutvikling

Besøksstrategien legg opp til fortetting og fokus på utvikling i sentrumsområda. Å samle aktivitets- og opplevingsstilbode i ein destinasjon har fleire fordelar for både gjestene, næringslivet, naturen og lokalsamfunnet:

1. **Betre gjesteoppleving.** Ved å samle aktivitets- og opplevingsstilbode tilrettelegg ein for ei meir heilskapleg oppleving, enklare orientering og ein bilfri ferie.
2. **Styrka verdiskaping.** Når tilbode ligg tett, blir det enklare for gjestane å bruke meir pengar lokalt, t.d. ved å gå frå butikk, til kafé, til aktivitet/oppleving. Tett samlokalisering gjer det òg enklare å samarbeide på tvers av aktørar.
3. **Betre arealbruk.** Ei samling av aktivitetene krev mindre areal, og meir av naturen kans ta urørt. Det gjer det og enklare å styre og kanalisere ferdselen, og å informere gjesten om det ein ønskjer.
4. **Sterkere merkevare.** Ei samla kjerne gjer det enklare å bygge ein tydeleg identitet og posisjon for destinasjonen, og gjestar og lokalfolk samlast i eit fellesskap og god atmosfære.

I dag fins det to sentrumsområde på Gålå:

- **Gålå sentrum (sentrum 1):** Området rundt butikken og skistadion – aksene Gålå Høgfjellshotell og Wadahl Høgfjellshotell.
- **Gålå kulturarena (sentrum 2):** Rundt Borgenområdet og skikaféen i botn av alpinbakkane.



Kart for oversiktsbilde over framtidig arealbruk i og rundt Gålå.

Desse områda blir vidare omtala som sentrum 1 og sentrum 2. Her er det planlagt ei vidareføring av dagens arealbruk, men også utvikling av fleire varme senger og servicefunksjonar.

Tilpassing av sesongbruk for ulike interessantar

På vår og forsommar er beitedyra meir sårbare for forstyrring og stor ferdsel. Ved å halde eit lavare aktivitetsnivå i desse vekene, og fokusere enda meir på informasjon og kanalisering av dei gjestene som kjem, kan reiselivet ta omsyn til beitenæringa og redusere belastninga.

Seinare på sommaren er dyra mindre sårbare, og det er meir rom for fleire brukargrupper og meir aktivitet. På haust og vinter er ikkje dyra ute i fjellet.

Overordna grep

BEVARING AV SETERLANDSKAP, BEITEOMRÅDE/-KORRIDORAR OG URØRT NATUR

Som omtalt i resten av strategien er seterlandskapet og seterkulturen viktige identitetsberarar for Gålå. Seterområda og beitekorridorane skal bevarast og nyttast til opplevingar – som open seter, lokalmat, formidling av kulturhistorie og til dømes seterpub.

- Områda sør og vest for sentrumsområda prioriterast til beiteområde. Bevaring av beitekorridorar frå Gålå sentrum og ut mot Gålåmarka, samt frå Valsætrin og mot Børkdalsvegen, blir viktig for å ikkje svekke beitenæringa og det seterpreget Gålå har i dag.
- Seterområda ved Gålå sentrum/vest for gamle Wadahl hotell bevarast opp til Årstulvegen. Dette området heng saman med beitekorridor austover over fylkesveg 2584 Gålåvegen.
- Seterområda ved Valsætrin sør for Gålåvatnet skal også bevarast, med tilknytte beitekorridorar sørover og nordover.
- Området på vestsida av Gålåvatnet (Sandslia) skal bevarast urørt. Det er viktig som beiteareal, men også for å gje ei naturnær kjensle for hyttene på austsida.

BYGGEGRENSE MOT NORD OG AUST

Det er teikna inn ei byggegrense nord og aust for hyttefeltet på Gålå, som går langs høgdedraget frå Tåkåstadsætra til utsiktshøgda og vidare nordover mot Livoll. Denne byggegrensa er eit tydeleg signal om at Gålå skal fortettast, og ikkje spre seg innover fjellet. Dette er og viktig for å ta vare på og bygge eit attraktivt sentrum på Gålå.

Byggegrensa sikrar at naturpreget blir tatt vare på, og sørger for at hytter og eigedom ikkje pregar horisonten aust for skistadion og utsiktshøgda.

Vurdering av sårbarheit og kapasitet

Framtidsbildet for Gålå skildrar eit kompakt sentrumsområde og bevaring av områda rundt. Dette sett ei naturleg grense for kor stor utviklinga av både varme og kalde senger kan bli. Da er det viktig å tilrettelegge for utvikling av nye senger som sikrar ei langsiktig verdiskaping med høg utnytting, ikkje berre kortsiktig gevinst.

I det vidare arbeidet bør ein gjera ein grundigare analyse av kor stor pågang destinasjonen og naturen på og rundt Gålå toler utan å bli skada, og kor mange gjester ein treng for å få eit tilstrekkeleg kommersielt grunnlag for drift, utvikling og verdiskaping. Dette gjev ei nedre og øvre grense på kor mange ein ønskjer og kan ta i mot på Gålå,

STINETT OG KANALISERING AV FERDSEL

Kartet skildrar at områda nord-aust/ aust for sentrumsområde 1 og skistadion prioriterast til stinett og ferdsl, i hovudsak frå nord og ned til Langtjønna. Dette er allereie område som er mykje brukt både sommar og vinter. Gjennom kommunikasjon og tilrettelegging skal dei største mengdene av turistar kanalisert til desse områda. Ved å kanalisere turistar til dette området, reduserer ein presset på beitedyr sør/sør-aust for Gålå.

Aktivitetsdata frå Strava Heatmap syner at det i dag er høg aktivitet og ferdsl i alle retningar rundt Gålå, òg i områda sør for sentrum som skal prioriterast for beitedyr. Det må derfor gjerast tiltak for å styre fleire til dei ønska områda.

Stinettverk i andre retningar skal fortsatt eksistere. DNT-stigen frå sentrum og ned mot Jetningen er mellom anna populær, og vil fortsatt vera det framover.

I alle område der det går beitedyr må det kommuniserast tydeleg om kvar dyra går og korleis ein tek omsyn til både dyr og natur.

FORDELING AV VARME OG KALDE SENER

Utviklinga av nye senger blir viktig for Gålå framover. Fleire senger aukar overnattingskapasiteten og det kommersielle grunnlaget for aktivitetar og utvikling. Samtidig er sal av tomter og hytter viktig for å kunne finansiere utviklinga av nye aktivitetar på Gålå, som igjen vil styrke attraktiviteten og verdiskapinga, året rundt.

Kartet viser at sentrum og sentrumsnære områder er planlagt til varme senger og servicefunksjonar (lilla felt). At dei varme sengene er sentrumsnære er viktig for attraktiviteten. Det tilrettelegg og for meir aktivitet i sentrum, med meir aktivitet gjennom heile året.

Eksisterande hyttefelt på Gålå er markerte i kartet. Nye hytter bør leggjast så sentrumsnært som mogleg, primært gjennom fortetting i eksisterande felt. Det er foreslått eit nytt hyttefelt nord for Toppastranda, som ei forlenging av eksisterande felt.

FERDSEL MELLOM DEI TO SENTRA

Ferdselsveggar er viktige for å knyte dei to sentra saman, legge til rette for bilfri ferdsel, og gje tilgang til friluftsområde.

Viktige forbindelsar:

- Grøn heilårssamband mellom sentrumsområda: Skal vidareutviklast som tursti/gangsti om sommaren og skiløype om vinteren.
- Skiforbindelse/skiløype mellom toppen av Blåbærfjell og Gålågynten: Viktig for å binde saman alpinanlegga og sikre «ski in/ski out».
- Utvikling av nye felt må inkludere tilknytning til infrastruktur og løypenett i nærområda.

Ski inn og ut

Tilgang på senger med ski inn/ut er viktig for attraktiviteten i ein vinterdestinasjon. Dette kan i fleire samanhenger vera avgjerande for konkurranseevne og lønnsemd.

Moglegheit for ski inn/ut aukar komforten for gjestene på grunn av enklare logistikk og mindre tid i bil og kø. Det aukar betalingsviljå til gjesten, og kan og bidra til høgare beleggsggrad og kapasitetsutnytting.

Å planlegge for ski inn/ut reduserar behovet for bil, og dermed og for transport og parkeringsplassar. Det er positivt for både klima og arealbruk, og vil betre opplevinga av destinasjonen.



Foto: Bård Gundersen

Sentrumsområde 1: Gålå sentrum

Gålå sentrum skal vidareutviklast med utgangspunkt i dagens funksjonar: varme senger, servering, mattilbod (gjerne lokalmat), butikk, hotell og småbutikkar.


NYE, VARME SENER OG SERVICEFUNKSJONAR

Ved Gålå skistadion bør det leggjast til rette for eit nytt utbyggingsfelt for varme senger og servicefunksjonar ved skistadion.


Utbyggingsområdet er foreslått avgrensa av byggegrense langs høgdedraget mellom Peer Gynt-vegen og utsiktstårnet, som omtalt i punktet om bevaring av urørte område.

Det er òg sett av areal sør og aust for Gålåvegen til vidareutvikling i området ved gamle Wadahl Hotell.

Kartet viser og at det er foreslått ein ny heistrasé frå eksisterande heis ved skistadion (Gålågynten) og opp til utsiktstårnet. Dette for å sikre ski inn/ski ut for fleire både varme og kalde senger i området, noko som kan auke attraktiviteten, lønnsmda og kapasitetsutnyttinga.



Sentrumsområde 1: Gålå sentrum.



Sentrumsområde 1: Gålå kulturarena.

Sentrum 2: Gålå kulturarena

Dette området kan og bør vidareutviklast med fokus på Gålå som ein viktig kultur- og opplevingsaktør, med tilhøyrande aktivitetar som gjev området breiare innhald.

Det bør utviklast med varme senger, servicetorg, servering, skiutleige, sportsbutikk og land- og vassaktivitetar. Borgen utviklast som kultur- og aktivitetssenter, og bør kunne brukast større delar av året. Det er og foreslått å etablere camping/bubilparkering i området.

Strategien legg til rette for vidareutvikling og gjenopning av alpinbakkane i Valsfjell, Blåbærfjell og ved Gålå sentrum (Gålågynten). Alpin tilbodet er viktig for utviklinga av Gålå som destinasjon.

Alpinområda kan også vidareutviklast med sommaraktivitetar som terrengsykling.

På arbeidsverkstadane er det foreslått meir aktivitet på og rundt Gålåvatnet. Segling, vindsurfing, badstuehus og badeanlegg er eksemplar på aktivitetar som er nemnt. Ved å utnytte og tilrettelegge Gålåvatnet meir, kan ein utvide opplevingstilbodet og auke attraktiviteten til heile destinasjonen.

Karta over sentrumsområda viser at det er noko overlapp mellom området for skistadion og alpinbakken og utvikling av nye, varme senger. Eksakt bruk av dette arealet må vurderast nærare i ei seinare fase, når ein ser kvar behovet er størst, og korleis ein best kan løyse dette.

- KAPITTEL 7

Tiltak og handlingsplan



Besøksstrategien legg eit felles fundament for vidare utvikling av Gålå. Men for å lykkast er det viktig å følgje opp planen med handling. Det krev tett samarbeid mellom kommune, næringsliv, grunneigarar, frivillige og beitenæring, god koordinering av tiltak og arealbruk, og forutsigbare rammevilkår for investering og drift.

For kommunen sin del er det viktig å ta arbeidet vidare i ein kommunedelplan for Gålå, for å formalisere arealbruken og planane som er skisserte i denne strategien.

Næringslivet må på si side jobbe vidare med målgrupper, produktutvikling og salg som gjev eit tilstrekkeleg kommersielt grunnlag, men innanfor Gålås tolegrenser.

Det må og jobbast vidare med korleis synergiane mellom reiselivet og landbruket kans styrkast, slik at ringvirkningane frå reiselivet når heile lokalsamfunnet.

Handlingsplanen nedanfor summerar opp det styringsgruppa meiner er dei viktigaste tiltaka å jobbe vidare med framover. Mykje er allereie i gang. Denne handlingsplanen skal vera levande, og vil truleg endrast etterkvart som arbeid blir gjort og nye behov oppstår.

Nr.	Kva	Hovudansvar	Oppstart	Ferdigstilling
1	Fellesgodefinansiering: Jobbe på tvers av næringsaktørar og kommune for å etablere god, rettferdig og forutsigbar fellesgodefinansiering for alle interessentar.	Næringslivet på Gålå	Haust 2025	Haust 2025
2	Ny kommunedelplan for Gålå. Inkl. temakart for ferdsel, godt forankra planprosessar og heilskapleg planlegging.	Sør-Fron kommune	Haust 2025	2027
3	Sikre økonomisk berekraft i utbyggingsavtaler, med rekkefølgebestemmelser, krav til trafikkssikkerheit, fellesgodefinansiering mm. gjennom kommunedelplanen.	Sør-Fron kommune	Haust 2025	2027
4	Etablere felles destinasjonsleiing/ressursgruppe for utvikling av Gålå	Næringslivet på Gålå	Haust 2025	Haust 2025
5	Utarbeide kanalisierungsplan for styring av ferdsel både internt og ut fra Gålå. Utvikling og tilrettelegging av løypenett og turmål, kommunikasjon og informasjon om hvor ein kan gå, omsyn til beitedyr mm.	Næringslivet på Gålå	Vår 2026	Haust 2026
6	Kapasitetsvurdering/sårbarheitsanalyse. Vurdere kor mange varme sengar trengst for tilstrekkeleg kommersielt grunnlag, og kva er tålegrensa for naturen, beitenæring og området rundt.	Næringslivet på Gålå	Haust 2025	Haust 2025
7	Utarbeide felles kommersiell strategi for Gålå, med plan om produktutvikling, samarbeid med andre destinasjoner, posisjonering, merkevarebygging, målgruppearbeid og kommunikasjon.	Næringslivet på Gålå	Vår 2026	Haust 2026
8	Etablere prosjekt som styrkar synergjar mellom reiselivet og landbruket: Høg bruk av lokalprodusert mat, meir historieformidling og matopplevingar.	Næringslivet på Gålå	Vår 2026	Haust 2026
9	Regionalt program for kompetanseheving rundt formidling av natur og kultur.	Midt-Gudbrandsdal IPR	Haust 2025	Løpende

Referanser

Artsdatabanken. (2024, 12 11). Artsdatabanken. [Hentet fra Artskart](#)

Balslev, P. (2023, Januar 22). Norsk Friluftsliv. [Hentet fra 1 av 2 er bekymra for hyttebygging i naturen](#)

Innovasjon Norge. (2021). Visit Norway. [Hentet fra Nasjonal reiselivsstrategi](#)

Miljødirektoratet. (2015). Miljødirektoratet. [Hentet fra Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder](#)

Miljødirektoratet. (2020, 09 10). Miljødirektoratet.no. [Hentet fra Besøksforvaltning i norske verneområder](#)

Miljødirektoratet. (2024, 12 11). Miljødirektoratet.no. [Hentet fra Naturbase kart](#)

Nerdrum, L., Widenhofer, G., & Jacobsen, E. (2024, Desember). NHO Reiseliv. [Hentet fra Destinasjonsanalyse Gudbrandsdalen](#)

Nærings- og fiskeridepartementet. (2023, 3 30). Regjeringen.no. [Hentet fra NOU 2023:10 - Leve og oppleve. Reisemål for en bærekraftig fremtid](#)

Nærings- og fiskeridepartementet. (2024, 02 08). [Hentet fra Regjeringen.no](#)

NHO reiseliv. (2022, 07 04). NHO Reiseliv. [Hentet fra Tolv trender som vil prege reiselivet fremover](#)

Norsk turistutvikling. (2022). Fritidsboligundersøkelse i Midt-Gudbrandsdal. Lillehammer: Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal.

Nyhaug, O. P. (2024, 12 11). Opinion.no. [Hentet fra Fem ferske innsikter om norske forbrukertrender 2023-2025](#)

Opinion. (2024, 12 11). Opinion.no. [Hentet fra Forbruker og bærekraft 2024](#)

Sør-Fron kommune. (2015, 04 17). Sør-Fron kommune. [Hentet fra Kommunedelplan for beitebruk 2014 - 2026](#)

Sør-Fron kommune. (2025). Oversikt over beitebruk - Gålå. Sør-Fron kommune.

Vedlegg

Vedlegg 1 \ Relevante planar og føringar

Plan og viktigaste konklusjonar
Sør-Fron kommunes kommunedelplan for beitebruk: 2014–2026 Kommunedelplanen dokumenterer beitebruken i utmarka i Sør-Fron og skildrar verdiskapinga frå beitenæringa. Planen fungerer som eit grunnlag for anna planarbeid i kommunen, og har som mål å styrke beitebruken og redusere konfliktnivået rundt denne næringa.
Sør-Frons kommunedelplan, samfunnsdel Samfunnsdelen skal ligge til grunn for all utvikling i Sør-Fron. Visjonen lyder: «Sør-Fron kommune skal ha Kunnskap om å Utvikle eit Levande og trygt lokalsamfunn for å skape Trivsel og stoltheit for barn og Unge med den Grøne KULTURBYGDAS (framtidige) Ressursar». Planen har seks hovudmål som skildrar korleis kommunen skal utviklast som eit miljøøkonomisk samfunn med satsing på samarbeid, inkludering, helse, stoltheit og digitalisering. Samfunnsdelen dannar òg grunnlaget for besøksstrategien for Gålå.
Sør Fron kommunes arealstrategi Arealstrategien legg retninga for arealbruken i kommunen. Ho vektlegg mellom anna innbyggjarane sin tilgang til samanhengande grøntareal, for å sikre nærtuområde og friluftskvalitetar nær hus og hytter. Strategien gir føringar for bruk og vern av beiteområde, og understrekar behovet for grøne korridorar som gjev dyr moglegheit til å flytte seg gjennom og ut av hyttefelt – noko som er sentralt for utviklinga av Gålå.
Sør Fron kommunes Fritidsboligstrategi Strategien skal sikre ei berekraftig utvikling av fritidsbustader og sørge for at næringa gir positive ringverknader for heile kommunen. Ved planlegging av nye område må ein vurdere landskap og vegetasjon, naturverdiar og -mangfald, friluftsliv og ferdsel, strandsone, kulturminne, næringsliv, samfunnstryggleik, naturfare, klimatilpassing, mobilitet og infrastruktur. Strategien understrekar at beiteområde og fungerande korridorar er noko av det viktigaste å ta vare på i vidareutviklinga av Gålå. Det skal heller ikkje byggjast innover i høgfjellet. Strategien er retningsgivande for vidare planlegging.
Masterplan for reiselivet i Gudbrandsdalen Visit Lillehammer, Nasjonalparkriket og Visit Jotunheimen utarbeidde i 2022 ein felles masterplan for vidare utvikling av reiselivet i Gudbrandsdalen, med mål om å styrke samarbeid og koordinering. Målet for reiselivet i Gudbrandsdalen er å bli «Nordens mest verdssatte helårsdestinasjon for kortreiste gjester og lokalsamfunn, bygget på natur- og kulturbaserte opplevser». Masterplanen byggjer på verdiane berekraft, samarbeid, identitet og innovasjon, og har tre hovudmål: • Høg verdiskaping og sysselsetting året rundt • Eit lågutsleppsreiseliv • Attraktive lokalsamfunn For å oppnå dette skal reiselivet jobbe med fem strategiar: opplevings- og produktutvikling, sal og marknadsføring, saumlaus og lågutslepps transport, kompetanse og rekruttering, og reiselivspolitik. Planen er relevant for Gålå si utvikling som heilårsdestinasjon.
Gudbrandsdalen 2030 Dei 12 kommunane i Gudbrandsdalen har utarbeidd ei felles plan for ei berekraftig omstilling fram mot 2030 – Gudbrandsdalen 2030. Handlingsplanen definerar tre sektorovergrepande tiltak: Samarbeid om klimaregnskap og kommunale planer, Gudbrandsdalen i verda og smart og fornybar energi for framtida. Den definerar seks satsingsområde: Smart, grøen og fleksibel mobilitet, ansvarlege innkjøp, sirkularitet, berekraftig reiseliv, klimasmart landbruk og god lokalsamfunnsutvikling. Satsinga på mobilitet, sirkularitet, berekraftig reiseliv, klimasmart landbruk og lokalsamfunnsutvikling er alle særskilte viktige for utviklinga av Gålå. Besøksstrategien for Gålå bør difor vera i tråd med denne planen.
Innlandsstrategien 2020–2024 Dette er Innlandet fylkeskommune sin overordna utviklingsstrategi, som skildrar utfordringar og moglegheiter i regionen. Visjonen er: «Eit fylke med sterke røter og store draumar», og målet er ei leiande rolle innan teknologi, industri, landbruk og reiseliv. Berekraftig ressursforvaltning, nye arbeidsplassar og levande lokalsamfunn er sentrale mål som også er relevante for utviklinga av Gålå. Ny versjon av strategien var ute på høyring sommaren 2024, og ventast vedteken snart.
NOU 2023:10 Leve og oppleve – reisemål for en bærekraftig fremtid Utgreiinga peiker på behovet for fellesgodefinansiering som eit verkemiddel for berekraftig reisemålsleiing. Den understrekar at reisemålsutvikling og samfunnsutvikling må sjåast i samanheng – noko som er heilt sentralt for Gålå og liknande destinasjonar.
Veikart for reiselivet Regjeringa har lagt fram eit veikart for reiselivsnæringa med mål om at ho skal bli ei berekraftig eksportsatsing. Samtidig vart ordninga med besøksbidrag (turistiskatt) vedteken i Stortinget sommaren 2025. Kommunar med stort reiselivstrykk kan frå 2026 innføre ei avgift på overnatting, som skal finansiere fellesgoder som toalett, stiar og renovasjon. For Gålå gir dette moglegheiter for å finansiere naudsynt tilrettelegging og samstundes styrkje lokalt engasjement og naturvern.

Taksonomien for berekraftig økonomisk aktivitet

EUs taksonomi for berekraftig økonomisk aktivitet skal sikre at investeringar går til grøne tiltak. Samstundes krev det nye rapporteringsdirektivet CSRD at bedrifter dokumenterer berekraftsarbeidet sitt. Dette vil i praksis straffe manglande berekraft økonomisk – også for aktørar i og rundt Gålå – og styrkjer relevansen av å satse på berekraftig utvikling.

Regjeringens klimastatus og plan (Grøn bok)

Grøn bok gjev ei samla oversikt over Noreg sine klimamål og dei tiltaka regjeringa meiner må til for å nå desse. For reiseliv og arealutvikling i fjellområda inneber dette mellom anna krav om redusert klimabelastning, betre arealforvaltning og støtte til grøne næringsutviklingsløp. For Gålå er det relevant å bruke Grøn bok som rammeverk for å vurdere korleis nye tiltak og investeringar kan bidra til utsleppskutt, til dømes gjennom grøne transportløysingar, bevaring av naturareal og bruk av berekraftige materialval i utbygging.

Tiltaksanalyse for skog- og arealbrukssektoren

Tiltaksanalysen skildrar korleis arealbruken i Noreg påverkar klimagassutslepp og karbonbinding, og viser at endra arealbruk – som nedbygging av myr og skog – kan ha stor klimaeffekt. For utviklinga av Gålå betyr dette at framtidige tiltak må ta omsyn til karbonrike areal, og at ein bør unngå inngrep i verdifulle naturtypar. Det gir også moglegheiter for å vise fram Gålå som ein destinasjon som prioriterer natur- og klimahensyn i både planlegging og drift.

Rettleiar om planlegging av fritidsbustader

Denne rettleiar frå staten gir føringar for korleis kommunar bør planlegge for nye fritidsbustader, med vekt på berekraft, landskapsomsyn og samanhengen mellom naturbruk og verdiskaping. For Gålå betyr dette at vidare utvikling må skje med utgangspunkt i heilskapleg planlegging, der ein tek vare på landskapet, sikrar beitekorridorar og legg til rette for sambruk mellom lokalbefolkning, reiseliv og deltidsinnbyggjarar. Rettleiararen styrkar også krava til medverknad og kvalitet i planprosessen – noko som passar godt med ambisjonen om at Gålå skal utviklast i fellesskap og med respekt for både natur og kulturarv.

Vedlegg 2 \ Fullstendig nåsituasjonsanalyse

Eige dokument.

Vedlegg 3 \ Prosess

Besøksstrategien for Gålå er resultat av eit breitt involveringsarbeid og eit tett samarbeid mellom Bortelaget, styringsgruppa og ei rekkje interessentar. Arbeidet er godt forankra, og har vore prega av open dialog, lokal forankring og gjensidig læring.

STYRINGSGRUPPA OG PROSJEKTLIINGA

Bortelaget har leia prosessen og hatt ansvar for å førebu og gjennomføre styringsgruppemøte, innspelsmøte og arbeidsverkstader. Det har vore totalt ni fysiske og digitale styringsgruppemøte, i tillegg til jamleg dialog via e-post og Teams. Styringsgruppa har vore ein aktiv medspelar og kvalitetssikrar gjennom heile prosessen. Innspel frå verkstader og møte er oppsummert av Bortelaget og lagt fram for styringsgruppa i neste møte, før nye steg blei tatt.


ARBEIDSVERKSTADER MED BREI DELTAKING

Gjennom tre opne arbeidsverkstader har over 120 deltakarar kome med innspel, inkludert fastbuande, deltidsinnbyggjarar, næringsliv, grunneigarar, frivillige og beitenæring. Verkstadane har vore sentrale i utviklinga av strategien.



Arbeidsverkstad 1 \ 25. november 2024: Kartlegging av verdiar og utfordringar

Her kartla vi Gålås natur-, kultur-, sosiale, økonomiske og opplevingsbaserte verdiar. Verkstaden danna grunnlaget for analysen av dagens situasjon og kva utfordringar strategien må svare på.



**Arbeidsverkstad 2
20. februar 2025:
Ambisjonar og mål
for Gålå 2050**

Deltakarane drøfta målgrupper, framtidsbilde og prioriteringar for utviklinga fram mot 2050. Innspela la grunnlaget for styringsgruppa si vidare prioritering av mål og strategiar.



**Arbeidsverkstad 3
10. april 2025:
Framtidig areabruk**

Her omsette deltakarane framtidsbildet i kart: kva fungerer og ikkje fungerer med dagens arealbruk, kva bør bevarast og kvar bør det leggjast til rette for meir aktivitet? Gruppesamtalane blei oppsummert og brukt som grunnlag for utkast til det strategiske arealkartet.

TEMATISKE INNSPELSMØTE

Ungdomsrådet i Sør-Fron blei invitert inn i prosessen og gav gode refleksjonar om kva som er viktig for unge, og kva dei ønskjer for Gålå framover. Desse innspela blei tekne vidare i arbeidet med mål og strategiar.

Beitenæringa deltok i eit digitalt møte der utfordringar og omsyn til framtidig utvikling blei diskutert. Innspela herifrå – som viktigheita av romslege beitekorridorar og informasjon til tilreisande – er tungt vektlagde i strategien.

OPPSUMMERING

Prosesen har vore inkluderande, grundig og transparent. Bortelaget har dokumentert og oppsummert alle innspel, og arbeidet er forankra i både styringsgruppe og brei lokal deltaking. Sør-Fron kommune har dokumentert prosessen på sine nettsider. Dei ulike perspektiva har vore avgjerande for å utvikle ein besøksstrategi som tek omsyn til både natur, kultur, næring, friluftsliv og lokalsamfunn.

arbeidsverksted 10.04.25

7

7

**Henning
Larsen —**


- Eksisterende heistrasé

WMS Bakgrunnskart for matrikkelen 1:5000 (A3)

Besøksstrategi - arealbruk - Gålå sentrum

Datert 18.06.2025

Basert på innspill fra arbeidsverksted 10.04.25




Henning Larsen

Besøksstrategi - arealbruk

Datert 28.08.2025

Basert på innspill fra arbeidsverksted 10.04.25



Henning Larsen

Bortelaget

m.fl
2025